

## SØKNAD OM TILSKOT TIL SØMJEOPPLÆRING I PRESTMARKAR BARNEHAGE.

Prestmarka barnehage har i fleire år hatt fokus på symjeopplæring for førskuleborna, me har sett på det som ei viktig oppgåve at borna vert trygg i bassenget / vatn, før skulestart. Me er og ein liten øy kommune, noko som gjer at me lett er i nærleiken av sjø / vatn. Enno ein god grunn til at borna skal være trygg i dette elementet.

Me har og hatt eit godt samarbeid med Radøy symjeklubb, der me har deltatt i Gjensidigestiftelsen «svømmeaksjon» i samarbeid med svømmeforbundet, når me har vore så heldig å fått deltatt der.

Det kostar ein del ressursar for å få gjennomført dette i form at det skal være trygt i vatnet, samstundes skal bemanninga for dei som er att med resten av borna være forsvarleg.

Me har likevel valt å prioritere dette, både på grunn av viktigheten, men ikkje minst på grunn av at me ser kva glede og utbytte borna har av det. Det er kjekt å sjå kor stor utvikling kvart enkelt born har her. Skulen gjev oss og gode tilbakemeldingar på at dette arbeidet lettar deira arbeid når dei overtar borna.

Eit tilskot til symjeopplæringa vil være eit kjærkommen innskot til ein elles slunken kasse. Dermed vil ein kunne gje rom for andre prioriteringar, som me har måtte strama inn på for å få dette til tidlegare.

For kommande barnehage år (2015 -16) vil pr. d.d. 21 born få tilbod om symjeopplæring hjå oss. Det vil sei alle førskuleborna. Opplæringa vil primært foregå i terapi bassenget i Radøy hallen. To vaksne med 4 – 5 born. Dette rullerar over dei vekene me har bassenget til disposisjon. Her reknar me god tid, ca. 45 min i basseng, og like mykje i garderobe. Me legg vekt på å arbeide inn gode rutinar og ro.

Seinare, om me får tildelt plass hjå Gensidigestiftelsens svømmeaksjon, vil me gå med alle, ev halv gr. i «det store bassenget». Då vert det ei veke med vel ein time bading kvar dag.

Me prøver å lage grupper som passar godt i lag, dei «engstelege» borna skal ikkje være med born som er så aktive at dei vert meir redd. Og dei aktive må få utfordringar som passar dei, samstundes som dei gjerne må få innsikt i kva «respekt» ein bør ha for vatn.

Tida i bassenget er difor mest tilrettelagt for leik, utifrå kvart enkelt barns ståstad og erfaring. Dei vaksne si oppgåve er å gjere det trygt, og utfordra borna til å «ta eit steg vidare». Utover det ser me på garderobe tida som ein viktig pedagogisk arena. Halde ro og orden, slik at ein finn att klede og utstyr. Gode rutinar på hygiene, og ikkje minst respekt for kvarandre.

Kommunens kontonummer og adresse:

3636 07 00776

Radøy kommune  
Prestmarka barnehage  
Radøyv. 1690  
5936 MANGER